

## RAPPORT FRÅ ANLEGGSSUTVALET SI SYNFARING 13.MARS 2017

### LINDÅS KOMMUNE

#### FRIIDRETTSBANE PÅ OSTEREIDE

Bana på Ostereide er ikkje registrert i Kulturdepartementet sitt register med anleggsnummer. Difor sannsynleg at bana er bygt utan tilskot frå tippemidlane. Det er kommunen som eig anlegget som ligg tett opp til Ostereide skule (1.- 10. klasse).

Bana er 273, 71m som rundbane m/raudstubb (ganske slitt.) Det er tre baner rundt og fem baner på eine langsida. Det er to lengdegroper ( 8m og 5m) samt kulering. Det er plass til høyde i nordre halvmånen (der Terje Totland i si tid kvalifiserte seg til OL!)

Kommunen har ikkje vedlikehaldsplan for anlegget. Både kommunen og idrettslaget fekk overlevert utkast til slik plan.

Hordaland Friidrettskrets (HFIK) ser dette anlegget som svært viktig for rekrutteringa til friidretten i denne delen av kommunen. Anlegget kan også representera eit friidrettstilbod til dei som bur opp mot kommunegrensa i søre delen av Masfjorden samt Modalen. Anlegget er også viktig som aktivitetsarena for skuleelevar ved Ostereide skule og borna ved barnehagen like ved som del av deira fysiske og motoriske utvikling. Slik anlegget i dag framstår, er det eit klart behov for oppgradering. HFIK tilrar difor sterkt at anlegget vert opprusta.

Det ligg føre skriftleg korrespondanse mellom Eikanger IL og Lindås kommune om slik oppgradering. Under synfaringa kom det likevel fram at planar om plassering og prioritering av ny idrettshall kan koma til å verka inn på arbeidet vidare.

Med på synfaring var: Atle Vaage, (Lindås kommune) – Bjørn J Bjørsvik (Eikanger il) – Brynjar Nordanger (Ostereide Skule) – Einar Vevatne (anl.utv.) – Arne Reigstad (anl. utv.) – Birger Tomasdard (anl.utv.)

### LINDÅS IDRETTSPARK

Kommunalt idrettsanlegg som ligg like ved Lindås Barneskule og ca. 600m frå Lindås ungdomsskule og tett ved idrettshallen på Lindås. Anlegget har ikkje utarbeidd vedlikehaldsplan. Idrettslaget har fått tilsendt utkast til slik plan.

Anlegget var tidlegare eit fullverdig friidrettsanlegg med 400m rundbane , 6 baner rundt ei naturgrasbane. Bana hadde eit godt grusdekke, og det var kulering/sektor, kastringar for lange kast samt lengdegroper (2 stk) og plass for høgde.

Anlegget vart for eit par år sidan bygt om til to kunstgras-fotballbaner, noko som gjekk sterkt ut over friidrettsanlegget. I dag er det ei langside med sprintbane (4 baner med fast dekke), og ingen rundbane. Det er ei lengdegrøp (med for lite sand) og ein kulering (kast opp til 12 m). Det er plass til høgdematte/stativ, og kommunen vert oppmoda om å skaffa dette. Slik anlegget no er, må det karakteriserast som eit nærmiljøanlegg samanlikna med det fullverdige friidrettsanlegget som var.

Det er ingen andre stader i denne delen av Lindås kommune der det er mogeleg å driva friidrettsaktivitetar. HFIK beklagar at kommunen her har nedprioritert friidretten ved den omdisponeringa som vart gjort. Kommunen vert difor oppmoda om å finna areal til eit nytt

friidrettsanlegg der det er mogeleg å driva alle friidrettssøvingane. I det minste bør ein finna plass til rekrutteringsanlegget FRIPLASSEN.

Med på synfaringa var: Atle Våge (Lindås kommune) – Jan Haaland (Lindås il) – Einar Vevatne (anl.utv.) – Arne Reigstad (anl.utv.) – Birger Tomasdard (anl.utv.)

Bilder:



